



En Til En Arkitekter AS  
Øvre Korskirkesmug 2 B  
5018 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/550 - 18/6351

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.02.2018

## Tilbakemelding etter møte - gbnr 214/38 Fyllingsnes

Vi viser til møte i saka 14. februar 2018.

Før det vert gitt igangsetjingsløyve for tiltaket må vilkåra som er sett i rammeløyvet datert 05.06.2015 vera stetta.

Status i forhold til gitte vilkår:

### Vilkår 4

Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk. Løyve til tilkopling skal vera søkt om og godkjend før det vert vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket.

Status:

Søknad om tilknytning vart mottatt 28.02.2016. Søknaden er under handsaming, jf skriv frå Teknisk drift til Hjelmås VVS AS datert 23.02.2016. Spørsmål som gjeld tilknytningssaka kan rettast til eining for Teknisk drift.

### Vilkår 5

Etablering av avlaupsanlegget skal skje i samsvar med utsleppsløyve gitt i vedtak datert 29.04.2015. Vilråra som er sett i utsleppsløyvet skal vera dokumentert stetta før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket.

Status:

Vi har 15.02.2018 mottatt dokumentasjon frå Hjelmås VVS AS som gjeld utsleppet til sjø. Det er oppgitt at dette er send inn før. Delar av dokumentasjonen låg føre ved innsending av søknad om rammeløyve/utsleppsløyve mottatt 16.02.2015. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt oversendelsesbrev datert 26.02.2016 og revidert situasjonskart som viser at eigedomen ikkje er knytt til felles utsleppsleidning i området, men eigen utsleppsleidning etablert for eigedomen gbnr 214/77.

Endring av utsleppstad er i utgangspunktet eit forhold som krev revidert søknad om utsleppsløyve. I denne saka vurderer administrasjonen at dersom utsleppsstad for utsleppsleidningen som eigedomen skal knytast til er i samsvar med føresetnadane som utsleppsløyvet som ligg føre byggjer på, vil det ikkje vera nødvendig å gjera nytt utsleppsløyve som følgje av endringa.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det ligg føre erklæring med rett til å knyta seg til utsleppsleidningen og det er gjort greie for kor mange eigedomar som er knytt til leidningen. Det vert lagt til grunn at slamtømming kan skje innanfor ordinære vilkår i forskrift om slamtømming i Lindås kommune. Vilkåra i utsleppsløyve vert vurdert stetta.

#### **Vilkår 6**

Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 04.03.2015.

Avkjørsler til private vegar skal tilfredsstilla dei same tekniske krav til utforming som er sett for avkjørsler til private vegar.

Utforminga av tilkomstveg og avkjørsle til privat veg, med naudsynt dokumentasjon, skal liggja føre før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket.

Status:

Vi kan ikkje sjå å ha mottatt dokumentasjon på utforming av tilkomstveg og avkjørsle til privat veg per dato. Dette må liggja føre før igangsetjingsløyve vert gitt.

Når det gjeld tekniske krav til utforming av avkjørsler til private vegar er kravet det same som for offentlege vegar. Vi beklagar at det er kome inn ein feil i dette punktet i rammeløyvet.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

En Til En Arkitekter AS	Øvre Korskirkesmug 2 B	5018	BERGEN
Niklas Krake	Fyllingsnesvegen 348	5913	EIKANGERVÅG
Siv Olsson Tverberg	Fyllingsnesvegen 348	5913	EIKANGERVÅG

#### **Mottakarar:**

En Til En Arkitekter AS	Øvre Korskirkesmug 2 B	5018	BERGEN
-------------------------	------------------------	------	--------